

Referat frå møte Grendautvalet i Vats

torsdag 4. des. 2008 hos Severin Fatland

Desse møtte: **Severin Fatland, Gro Karin Velde, Ingunn Ohm Skåsheim, Åsmund Kalstveit, Jon Olav Velde**

Fyrst av alt var grendautvalet oppteken av konflikten mellom Miljøvernforbundet, Raudnes fiskefarm, Tysvær fiskarlag og AF Decom ute på Raunes. Nå har AF Decom engasjert eit omfattande uhilda miljøovervakingsprogram av NIVA (Norsk institutt for vannforskning) som skal undersøka Vatsfjorden nå og i 6 år framover.

Det var heit nødvendig av AF Decom å engasjera eit uhilda firma nå for å få tillit hos skeptikerane i miljøspørsmålet.

Me er glade for dette engasjementet.

Me må ha tillit til dei kontrollerande myndigheter som SFT, Fylkesmannen og nå NIVA som skal sjå etter at AF Decom overheld sine lovar og reglar for utslepp av miljøgifter.

Viss ikkje kan det kosta AF Decom dyrt.

Grendautvalet er sjølv sagt tilliks med dei andre opptekne av at Vatsfjorden skal vera rein også i åra som kjem

Med dette håpar grendautvalet at det kan bli ro omkring miljøspørsmålet ute i fjorden ved Raunes.

Grendautvalet gjekk deretter gjennom nokre av dei opplista punkta for Vats i Kommuneplanen sin arealdel – dei som kom opp under folkemøtet i Vats.

Me plukka ut ein del punkter som me mente burde prioriterast:

Tema 4 og 5: Bustadbygging

1. Tilrettelegging av bustadfelt på Stokkasida, Skjervheimfeltet. (Her kan leggjast kloakkrøyr i fjorden bort til hovudkloakken som går ut til Raunes. Dette er også gjort frå Stokkafeltet)
2. Tilretteleggjast for nokre hus i Blikrabygda sør for Landa.(Uproduktiv jord.)
3. Utvida byggjefeltet ved Kårhus – Tveit. (Uproduktiv jord.)

Tema 6: Trafikksikring

1. Laga ventefil eller rundkjøring i Knapphuskrysset. Mange nestenulukker her.
2. Vegutbetring frå Åmsosen til Stokkafeltet. Smal og farleg veg – stor trafikk.
3. Sykkel- og gangvegar Gjerdesdalen – Kårhus og Knapphus – Kårhus. Farlege svingar her og lite oversiktleg mange stader.
4. Veglys langs sykkel- og gangvegane.

Tema 9: Badeplass

1. Ordna med sanitæranlegg og parkeringsplass ved badeplassen på Stokkastrandsida Dessutan må det ryddast tre m.m. her. Friluftsrådet bør kunna gjera ein del her.

Dessutan hadde me desse sakene oppe:

1. Vedlikehald av Vindafjordhallen.

Huset treng maling raskt – mangel på vedlikehald synest svært godt nå.

2. Resipientundersøkelse av Vatsvatnet.

Stor algeoppblomstring i vatnet kvart år. NIVA har kompetanse til å undersøka vasskvalitet og gi råd. Det krevst penger for å gjennomføra dette.

3. Heimeside til "Vatsnett.no"

Dersom me får dekka utgiftene, vil me engasjera fagfolk til å laga ei nettside for Vats.

Me har folk i Vats som har slik kompetanse.

Jon Olav tek dette opp med kommunen.

4. Kva med ungdomshuset Haugatun i Nedre Vats?

Ungdomshuset står til nedfalls og det bør gjerast noko med dette.

Severin skal kalla saman det gamle styret/medl. og få i stand eit allmøte for å drøfta evt. salg av hus og tomt. Pengene ved salg kan kanskje gå til Vindafjordhallen – dette må drøftast og bestemmast i generalforsamling.

| |
|---|
| Neste møte blir på Vats skule onsdag 28/1 – 09 |
|---|

Øvre Vats 4/12 – 08

Jon Olav Velde
- leiar/skrivar -